



Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/7816-11

## **Statsbudsjettet 2019 - kap. 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Midlar frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 vert fordelt til fyljande:
 

a.	Kaupanger hovedgård, hovudbygningen	inntil kr. 190 000,-
b.	Ormelid, øvstestova og mellomgangen	inntil kr. 127 000,-
c.	Dalheim/Singerheimen, villaen	inntil kr. 431 000,-
d.	Dalheim/Singerheimen, bungalowen	inntil kr. 165 000,-
e.	Dalheim/Singerheimen, dokumentasjon av hagen	inntil kr. 287 000,-
f.	Otternes, Håkonstova	inntil kr. 400 000,-
g.	Årringsdatering av bygningar	inntil kr. 60 000,-

**Sum fordelte tilskot kr. 1 660 000,-**
2. Midlar frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 vert fordelt til fyljande under føresetnad av at det vert sendt ny eller oppdatert søknad:
 

a.	Svanøy hovedgård, hovudbygningen	inntil kr. 250 000,-
b.	Flahammer, hovudhuset	inntil kr. 650 000,-
c.	Munthehuset	inntil kr. 500 000,-

**Sum fordelte tilskot kr. 1 375 000,-**
3. Det vert løyvd 2 mill kroner frå førehandsløyvinga for 2020 til istandsetjing av Hotel Mundal. Vilkår for løyvinga er at eigar legg fram oppdatert søknad og realistisk framdriftsplan.
4. Det vert løyvd kr 636 000 til tiltak på steinstova på Ormelid, til antikvariske meirkostnadar knytt til el-opgradering i øvstestova, stabburet og vedhuset. Vilkåret er at eigar legg fram spesifisert plan for arbeidet, og søknad. Fylkesdirektøren fordeler deretter løyvinga på dei enkelte delprosjekta.
5. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av midlane i kvart enkelt tilfelle.

### **Vedlegg:**

1. Brev frå Riksantikvaren av 14. februar 2019
2. Vedlegg til Riksantikvaren sitt brev av 14. februar 2019 Retningslinjer og vilkår for tilskot
3. Vedlegg til Riksantikvaren sitt tildelingsbrev
4. Vedtak i HNK-sak 15/19
5. Vurdering av dei enkelte søknadane

### **Andre relevante dokument i saka:**

1. Søknadar om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 som fylkeskommunen har motteke.
2. Brev av 15. januar 2019 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Riksantikvaren med søknad om tilskot frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71
3. Rundskriv T 1/18
4. Saksutgreiing til HNK-sak 15/19

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

I brev av 14. februar 2019 vart det tildelt kr 4 500 000,- i tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 tilskot til freda bygningar i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap til Sogn og Fjordane fylkeskommune. I HNK-sak 15/19 vart kr 1 594 000,- av desse midlane fordelt til ulike prosjekt i fylket. Det står då att kr. 2 906 000,- av desse midlane som ikkje er fordelt. I tillegg står det att kr. 765 000,- kr av midlande frå førehandsløyvinga for 2019 som skal fordelast til nye prosjekt. Samla er det kr. 3 671 000,- som står att til fordeling av tilskot frå 2019 frå post 71. Jamfør vedtak i HNK-sak 15/19 punkt 10, skal dei attståande midlane fordelast i ei seinare sak.

I Riksantikvaren sitt vedtak av 14. februar 2019 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune også tildelt kr. 2 000 000,- i førehandsløyving for 2020. I HNK-sak 15/19 punkt 11 vart det gjort vedtak om at førehandsløyvinga for 2020 skal fordelast i ei seinare sak.

Denne saka omhandlar fordeling av dei attståande midlane for 2019 og fordeling av tilskot frå førehandsløyvinga for 2020.

### **2. Bakgrunn for saka**

I søknadane til fylkeskommunen frå eigarar av freda bygningar i fylket for 2019 var ein stor del av søknadssummen knytt til istandsetjinga av Hotel Mundal. Både fylkeskommunen og Riksantikvaren er svært opptekne av at taket på Hotel Mundal vert sett i stand, og Riksantikvaren tildelte fylkeskommunen ein stor sum frå post 71 slik at dette arbeidet kunne gjennomførast. Dette er eit stort og kostnadskrevjande prosjekt, og vi ser at det er vanskeleg for eigar å kunne gjennomføre det utan tilskot. Taket på Hotel Mundal er svært därleg og det er behov for omfattande istandsetjing av dette. HNK-har tidlegare løvd tilskot til dette prosjektet i HNK-sak 56/17 kr. 1 285 000 og i HNK-sak 14/18 kr. 2 500 000,-. Desse midlane er pr. i dag ikkje utbetalt då arbeidet med taket ikkje har starta.

I HNK-sak 15/19 punkt 8 vart det gjort vedtak om at søknadane frå Hotel Mundal og Svanøy hovedgård skulle handsamast når vi fekk supplerande opplysingar.

I tillegg har fylkeskommunen fått inn fleire søknadar om tilskot til freda bygningar i løpet av 2019. Då det er mykje av det løyvde tilskotet for 2019 som ikkje er fordelt har fylkesdirektøren valt å handsame desse søknadane i denne saka.

### **3. Målgruppe og nasjonale mål**

Målet for tilskotsordninga er at freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige skal vere sett i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av bygningar og anlegg, kulturmiljø og kulturlandskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under handsaming. Kulturminna må vere heilt eller delevis i privat eige. Tilskotet skal dekke meirutgifter, helt eller delevis, i samband med antikvarisk sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne og kulturmiljø som er i samsvar med fredingsføremålet.

Andre målgrupper er private eigarar og forvaltarar av freda eller spesielt verneverdige kulturminne som er typisk for liv og verksemeld langs kysten.

Siste målgruppe er private eigarar og forvaltarar, i første rekke knytt til Noreg sine åtte freda kulturmiljø, men òg til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Tilskotet skal primært tidelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtselsplanar. Sogn og Fjordane fylke har per i dag ingen freda kulturmiljø.

I 2019 har Sogn og Fjordane fylkeskommune motteke tilstrekkeleg med tilskot frå Riksantikvaren til å kunne prioritere søknadar til gode prosjekt for istandsetjing av freda bygningar. Dei to største utfordringane for å nå målet om ordinært vedlikehaldsnivå på freda bygningar i privat eige er tilgang på kvalifiserte handverkarar og eigar si evne/vilje til å ta sin del av kostnadane ved istandsetjing av eigne bygningar.

## **4. Generelle føresetnadar**

Rundskriv T 1/18 gjev føringar for kva tiltak som kan få tilskot frå post 71 og kriterier for tildeling av tilskot. Ein kan gje tilskot til følgjande tiltak:

- Tilskot til heil eller delevis dekking av meirkostnadar i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i tråd med fredingsføremålet. Inventar og interiør som er omfatta av fredinga er også omfatta av ordninga.
- Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av.
- I arbeidet med kystkulturen skal det leggast til rette for at kulturminne og kulturlandskap kan medverke til å skape attraktive lokalsamfunn.
- Tilskot til verdifulle kulturmiljø skal primært tidelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtselsplanar.
- Bruk av tradisjonelle materialar, teknikkar og handverk, opplæring og kunnskapsbygging er også viktige grunnar for tildeling av tilskot.

I vedlegg til Riksantikvaren sitt tildelingsbrev til fylkeskommunane (vedlegg 3) gjev dei nokre føringar for fylkeskommunen si søknadshandsaming der dei har følgjande overordna kriterier:

- Tilskot til istandsetjing skal gå til private eigarar av freda bygningar og anlegg, kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Kulturminne knytt til kystkultur som har nasjonal verdi og høg regional verdi kan også tidelast tilskot sjølv om kulturminnet/kulturmiljøet ikkje er freda. I slike tilfelle skal verneverdien grunngjevast og grunngjevinga skal dokumenterast på saka.

For andre kriterier, prioriteringar og retningsliner knytt til fordeling av tilskot syner fylkesdirektøren til vedlegg 3.

I brev av 14. februar 2019 presiserer Riksantikvaren at tilskotet som hovudregel ikkje skal overstige 50-70% av samla kostnad. Unntak for dette må vurderast i lys av kulturminnet sin verdi, eigar si nytte av bygningen og om de føreligg eit urimeleg stort vedlikehaldsansvar. Dette må vurderast og dokumenterast i den enkelte sak.

## **5. Vurderingar av innkomne søknadar**

Fylkesdirektøren viser til vedlegg 5 i saka for vurdering av søknader.

I samband med vurdering og prioritering av søknadane har fylkesdirektøren vurdert dei opp mot krava i Rundskriv T 1/18, Riksantikvaren sine vilkår i deira tildelingsbrev til Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt følgjande kriterier:

- Prosjekt som allereie er starta opp og der fylkeskommunen er involvert.
- Prosjekt som er starta opp, men der fylkeskommunen har trekt tilbake tilskot då dei ikkje er ferdige innan fristen men der arbeidet vert vidareført.
- Dekking av meirkostnadar som følge av vilkår sett i dispensasjonar frå fredingsvedtaket.
- Bygningar og anlegg som har TG2 og TG 3 i tilstandsregistreringa.

I tillegg til søknadane som er omtalt i vedlegg 5, rår fylkesdirektøren også til at det vert løyvt følgjande tilskot til arbeid som er i gong/i oppstart:

### Årringsdatering av bygningar

I vårt arbeid med verneverdige bygningar møter vi kvart år fleire bygningar som vi forventar har ein så høg alder at dei kan vere automatisk freda. Alle ståande bygningar før 1650 er automatisk freda og for bygningar frå tidsrommet 1649 til 1537 må det føreligge ei erklæring frå Riksantikvaren. For

desse bygningane er det krav om åringsdatering slik at alderen på bygningen vert stADFesta. Det er opning for å nytte ein mindre del av tilskota frå post 71 til åringsdatering. I løpet av vinteren forventar fylkesdirektøren at vi vil ha behov for å åringsdatere omlag 3 bygningar, kostnadane ved ein slik datering er på om lag 20 000,- kr. Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert løyvd eit tilskot på 60 000,- kr til dette arbeidet.

#### Flahammer

Hovudhuset på Flahammer i Luster kommune hadde opphavleg to rom med dekormåla panel. Desse panela er i dag lagra i magasinet på Sogn Folkemuseum, De Heibergske samlinger. Eigar og fylkeskommunen har starta eit arbeid med å få tilbakeført panela til sin opphavlege plass på Flahammer då dei er vesentlege for grunngjevinga for fredinga av huset. Til arbeidet med panela har eigar engasjert Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) til å gjere arbeidet med konservering og tilbakeføring av panela. I tillegg må det gjerast ein del bygningstekniske forbetringer i huset slik at panela får eit godt inneklima. Det vert no utgreia kva bygningstekniske forbetringer som skal gjerast. I tillegg arbeider fylkeskommunen med å få ein avtale med Sogn Folkemuseum om å kunne gjere konserveringsarbeidet i deira lokale før panela vert frakta til Flahammer. Dersom vi får til dette, vil panela og arbeidet med konserveringa av dei ein periode vere tilgjengeleg for dei besökande til museet. Det er pr. i dag stor usikkerheit om kostnadane på prosjektet og det vert no arbeidd med å få dette utgreidd så langt det let seg gjere. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd meir pengar til dette prosjektet. Det kan vere trøng for å tildele ytterlegare tilskot til dette i 2020.

#### Ormelid

Steinstova på Ormelid er den mest markerte bygningen i tunet på garden. Her er det utfordringar med at steinane knekkjer og at delar av muren held på å gli ut. Det har tidlegare vore løyvd tilskot til pinning av muren for å unngå at fleire steinar knekkjer. I tillegg er det behov for å mure opp att dei partia av veggane der muren held på å gli ut. Fylkeskommunen har hatt dialog med Stiftinga Ormelid gard og dei rakk ikkje å få klar ein søknad i tid til å få handsama tildelinga i denne saka. I tillegg arbeider dei med søknad om tilskot til oppgradering av el-anlegget i steinstova, øvstestova og vedhuset der det er aktuelt å gje eit mindre tilskot for å dekke dei antikvariske meirkostnadane ved oppgraderinga. Arbeidet på Ormelid er igong, og fylkesdirektøren vurderer at det kan løvvast midlar til dette, likevel slik at fylkesdirektøren kan fordele løyvinga på dei ulike delprosjekta i ettertid, når plan og søknad frå eigar ligg føre.

#### Munthehuset

Munthehuset var våningshuset på Ytre-Kroken. Huset slik det står i dag fekk sin utforming på 1840-talet då det var eigd av kartografen kaptein Gerhard Munthe dy (1795-1876). I tillegg til sitt arbeid som kartograf verka han og som teiknelærar i Stockholm og han var svært kunstinteressert. I første halvdel av 1800-talet var huset eit senter og møtestad for forskrarar, geografar og kultureliten.

Mange av dei nasjonalromantiske kunstnarane fann vegen til Munthehuset på sine reiser på vestlandet for å finne motiv til sine verk. Av dei mest kjende er Johannes Flintoe som besøkte Munthehuset i 1819. Seinare kom kunstnarar som Johan Christian Dahl, Adolph Tidemand og Hans Gude til Ytre-Kroken og Munthehuset.

I andre etasje er taket dekormåla i to av romma. Sannsynlegvis er det Johannes Flintoe som har måla det eine. Takmaleria vart på eit tidspunkt dekka til/måla over og i 2003 vart det starta opp eit arbeid med å få fram att det eine. Dessverre vart ikkje dette ferdigstilt då det vart meir kostbart enn forventa. Eigar har dei seinare åra arbeidd med å få midlar til å ferdigstille konserveringa. Eigar har fått eit kostnadsoverslag på 2,7 mill. kr til konservering og restaurering av takmaleriet og dei har søkt Norsk kulturminnefond om støtte til arbeidet. Grunna dei store kostnadane er det behov for støtte frå fleire enn Norsk kulturminnefond. Stiftinga som eig huset prøver no å få nye kostnadsoverslag frå andre og å sjå om det finnes rimelegare løysingar, eit alternativ som no vert undersøkt er å få laga ein kopi som kan ligge utanpå det originale taket. Fylkeskommunen har her ein dialog med eigar og Norsk kulturminnefond for å komme fram til ein god løysing for takmaleriet. Fylkesdirektøren vurderer Munthehuset til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse og at takmaleria her er ein vesentleg kulturhistorisk verdi i huset som det er viktig å ta vare på. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren at det vert løyvd ein sum til dette arbeidet. Eit krav her er at eigar sender inn søknad om tilskot når dei har landa på løysing og fått nye kostnadsoverslag.

## **6. Konklusjon**

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for næring og kultur til å gjere vedtak i tråd med framlegg.